

Velkomen til

Vadheimsvegen 2967, 6996 Vadheim

EiendomsMegler 1

Innhaldsliste

Nøkkelinformasjon	6
Informasjon om eigedomen	7
Nabolagsprofil	26
Planteikning	29
Tilstandsrapport	32
Energiattest	99
Help boligkjøperforsikring	105
Forbrukerinformasjon om budgiving	108
Budskjema	109

Velkomen til

Vadheimsvegen 2967, 6996 Vadheim

Småbruk med stort potensial | Tomt på 281 dekar| Usjenert plassering i Ytredalen

Velkommen til Vadheimsvegen 2967 - Eit lite småbruk i landlege omgivelser

Eigedomen ligg fint til i Ytredalen og strekkjer seg over heile 281 dekar fordelt på fleire teigar i dalføret. På tunet finn du ein einebustad frå 1981, som er bygd over to etasjar og har ei praktisk innredning. Huset har eit generelt behov for oppgradering, og gir dermed ein god sjanse til å forme staden slik du sjølv vil.

Verdt å merke seg:
Stor eigartomt på over 281 dekar.
Flott utsikt nedover dalføret
Integrert garasje i huset.
Terrasse med utgang frå stova.
Fiskerett i Drægebøvatnet og Lona
Konsesjonspliktig med bu- og driveplikt



Les salsoppgåva nøye

Som meklar møter eg heile tida menneske på jakt etter draumebustaden. Sidan kjøp av bustad er ein av dei viktigaste investeringane du gjer i livet, har eg full forståing for at det kan vere ein krevjande prosess. Det er mykje informasjon ein skal setje seg inn i, og mange spørsmål som dukker opp undervegs. Hovudmålet med denne salsoppgåva er nettopp å gi deg all informasjon du treng, slik at du har det beste grunnlaget til å bestemme deg for om du ønskjer å bli med i bodrunden eller ikkje.

Eg tilrår deg å lese nøye gjennom salsoppgåva, slik at du er best muleg budd til vising. Uansett kva spørsmål du har er det berre å ta kontakt med meg.

Lykke til!



Christoffer Sæle Merkesvik
Eigedomsmeklar MNEF
906 13 338
Christoffer@em1sf.no

Nøkkelinformasjon

Prisantyding	kr	1 990 000
Kostnader	kr	64 800
Totalpris inkl. kostnader	kr	2 054 800

BRA Total/BRA-i	165/136 m²
Antal soverom	2
Eigedomtype	Småbruk, konsesjonspliktig
Eigarform	Eigd
Tomtetype	Eigd
Byggeår	1981
Energimerking	Bokstav: E, oransje



Informasjon om eigedomen

Bustaden

Adresse
Vadheimsvegen 2967, 6996 Vadheim

Registernemning
Gnr 152, bnr 3, i Sunnfjord kommune.

Eigedomtype
Småbruk, konsesjonspliktig

Byggeår
1981

Tilkomst
Enkel adkomst inn på eigedomen frå E39. Avkjørsle og gardsveg opp på tunet delast med nabobruka.

Plassering
Småbruket ligg på Senneseth i Sunnfjord kommune, i botnen av ein trong dal med bratte fjellsider på begge sider. Huset er plassert litt opp frå dalbotnen, med ope jordbrukslandskap framfor seg og skog tett innpå i bakkant. Frå terrassen ser ein utover dalen og fjella som reiser seg på kvar side. Det er stille her, med få naboar.

Naturen er det som definerer kvardagen her. Skog og fjell startar rett ved tomtegrensa, og frå eigedomen er det direkte tilgang til terrenget rundt. Næraste busstopp er Drægebø, berre eit par minutts gange unna, med ruter mot både Vadheim og Sande. Joker Vadheim nås med bil på under fem minutt. Sande skule (1.-10. klasse) ligg om lag ti minutt unna med bil, og det finst barnehage i Vadheim i same avstand.

Førde, som er regionsenteret i Sunnfjord, nås med bil på rundt tjuefem minutt. Der finn ein eit fullstendig servicetilbod, vidaregåande skular og Førde lufthamn, Bringeland. For den som søkjer ro, natur og avstand frå tettstad, er dette ein stad der ein verkeleg får det.

Innhald
Bustaden går over to plan med følgjande innhald:
Underetasje: Vindfang, gang, stove/kjøkken (ikkje godkjent for varig opphald), soverom, bad/vaskerom og to boder.
1. etasje: Gang, toalettrom, bad, soverom, kjøkken og stove.

Det er i tillegg ein integrert garasje og ei utebod i underetasjen.

Eigedomen har terrassar på totalt 37 m².

Det ligg føre godkjende og byggemelde teikningar for bustaden datert 19.08.1981. Dagens planløysing avvik frå desse. Eit rom i underetasjen er i dag innreidd som stove/kjøkken, men er på teikningane godkjent som disponibelt rom (tilleggsdel). Slik bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel er normalt søknadspliktig.

Seljar påtek seg ikkje ansvar for å byggjemelde eller få godkjent omgjeringa i ettertid. Frå kommunen kan det kome reaksjonar overfor eigar, til dømes krav om tilbakeføring, krav om omsøking, ilegging av overtredingsgebyr m.m. Kommunen kan krevje at gjeldande forskrifter og regelverk blir lagt til grunn ved eventuell omsøking. Dette kan mellom anna innebere krav til

takhøgd, lysflate, ventilasjon, rømningsveg, brannsikring, storleik på uteareal, tal på parkeringsplassar mv.
Uavhengig av kva reaksjonsform kommunen måtte nytte, er dette kjøpar sitt ansvar og risiko.

Dei oppgitte romma er definerte av bygningssakkyndig i samsvar med vedlagd rapport, basert på dagens faktiske bruk, uavhengig av kva som er godkjent av bygningsstyresmaktene.

Standard
Bustad over to plan på Nedre Drægebø, plassert i eit dallandskap med fjell på alle kantar. Bygningen frå 1981 har to fulle etasjar med stove, kjøkken, soverom og bad på kvart plan, det er adkomst mellom etasjane via innvendig trapp og bustaden fungerer (og er registrert) som ein bueinig. Overflater og innreiing ber preg av byggeåret, og begge bad har eit tydeleg oppgraderingsbehov. Den som kjøper dette, kjøper seg rom, natur og potensial for å gjere plassen til sin eigen.

Underetasje, vindfang og gang:
Inn frå hovudinngangen i underetasjen kjem ein inn i eit vindfang med golv av belegg og trapp opp til 1. etasje rett framfor seg. Gangen fordeler seg vidare til dei ulike romma i underetasjen. Overflater er av eldre standard med naturleg elde og slitasje, og det er merke etter tidlegare reparasjon av fuktskade i himlingen.

Stove i underetasjen:
Stova i underetasjen er romsleg og har plass til sofagruppe og spisebord. Vedomnen gir varme og er eit fast punkt i rommet. Golvet har ein registrert høgdeskilnad på 30 mm, noko som er merkbart. Døra i stova har sprekker i glaset.

Kjøkken i underetasjen:
Kjøkkeninnreiinga har kvite frontar med kantlister og handtak i lakka treverk, og laminat benkeplate med nedfelt oppvaskkum. Ventilator og frittståande kvitevarer. Det manglar ei kort benkeplate ved komfyren, og røyrgjennomføringane i veggen bak oppvaskbenken er ikkje fuga. Den manglende benkeplaten ved komfyren står i boden og må tilpasses.

Soverom i underetasjen:
Soverommet i underetasjen har plass til dobbeltseng. Golvet har ein registrert høgdeskilnad på 20 mm gjennom heile rommet, og 10 mm innanfor ei målelengde på 0,5 m framfor garderobeskapet. Det er synleg skade i himlingen etter ein eldre vasslekkasje.

Bad/vaskerom i underetasjen:
Badet i underetasjen rommar golvmontert klosett, veggmontert servant, veggmontert dusj med forheng og opplegg for vaskemaskin. Golv med plastsluk, varmekabel og belegg med oppbrett langs veggane. Veggar med våtromstapet. Himling med malte plater. Avtrekk via el. ventilvifte. Badet har eit tydeleg oppgraderingsbehov.

1. etasje, entré og gang:
Frå trappa opp frå underetasjen kjem ein inn i ein gang i 1. etasje som fordeler seg til stove, kjøkken, soverom, bad og toalettrom. Gangen har belegg på golvet og tapet på veggane. Herfra er det adkomst ut på terrasse over garasjen.

Stova i 1. etasje:
Stova i 1. etasje er den rommet som verkeleg gjer inntrykk. Store vindauge mot sør slepper fjellsidene inn i rommet, og på klåre dagar strekker utsikta seg langt nedover dalen. Vedomnen står plassert i rommet og gir varme. Terrassedøra i treverk frå 2016 opnar ut mot betongterrassen langs aust- og sørfasaden. Golvet har ein registrert høgdeskilnad på 22 mm. Vindauga på sørveggen og terrassedøra er skifta i 2016 med støyreduserande 2-lags glas, utført av Statens vegvesen i samband med støyisolering av bustadhuset.

Kjøkken i 1. etasje:
Kjøkkenet i 1. etasje har innreiing med finerte overflater, laminatbenkeplate og oppvaskbenk med stålbeslag for oppvaskkum, skyljekum og avrenningsplate. Ventilator med utkast over tak

og frittståande kvitevarer. Kjøkkenet har plass til spisebord inne i rommet.

Soverom i 1. etasje:
Soverommet i 1. etasje har plass til dobbeltseng med nattbord. Vindauget gir dagslys inn i rommet.

Bad i 1. etasje:
Badet i 1. etasje har veggmontert dusj med forheng og veggmontert servant. Golv med plastsluk, varmekabel og belegg med oppbrett langs veggane. Veggar med tapet. Himling med malte plater. Naturleg ventilering via takventil og luftespaltar i dør og vindauge. Badet har eit tydeleg oppgraderingsbehov.

Toalettrom i 1. etasje:
Toalettrommet har golvmontert klosett og veggmontert servant. Golv med belegg, veggar med tapet og himling med malte plater. Naturleg ventilering via takventil og luftespalte i døra.

Terrasse:
Langs aust- og sørfasaden og nord- og vestfasaden ligg to betongterrassar med eit samla areal på 37 m². Terrassen over garasjen og terrassen over uteboda mot sør gir uteplass med utsikt mot dalen og fjella rundt. Terrasserekkverk av impregnert treverk med malte overflater, skifta i 2018. Overflatebehandlinga på terrassedekka er slitt og skjoldete, og rekkverka har flekkvis malingsslitasje. Tretrappene mellom terreng og terrassane har slitt overflatebehandling.

Overflater:
Golv: Golv med belegg i dei fleste rom. Betonggolv i underetasjen/kjellaren.
Veggar: Veggar med malte plater og strier, og i nokre rom med tapet.
Himling: Himlingar med malte plater. Etasjehøgder ca. 2,4 m.

Lagring:
Integrert garasje i underetasjen med golv av betong, veggar av lettklinkerblokk med pussa overflater og dekke av betong med underliggande kondensisolering. Vippeport i treverk med malte overflater. Utebod med golv av betong, veggar av betongsteinsmur og dekke av betong med underliggande kondensisolering. Ytterdør i utebod av plassbygd enkel standard med malte overflater. To innvendige boder i underetasjen.

Omsetning av brukt eigedom
Ein brukt eigedom vil som regel ikkje vere i same stand som om den var ny. Tekniske krav, type bustad, teknikk og skikkar endrar seg over tid. Bruksslitasje og ytre forhold kan gjere at tilstanden blir dårlegare etter kvart, sjølv om det ikkje er synleg. Kjøparar kan ha mindre forventningar til eldre bustader enn nye, og det kan vere skadar eller feil som ikkje er beskrive, men som seljar likevel ikkje kan haldast ansvarleg for. Normal bruksslitasje er ikkje ein mangel, og det er ikkje sikkert at det som opplevast som ein feil ved ein eigedom er ein mangel i rettsleg forstand. Det er difor viktig å setje seg grundig inn i tilstanden på den eigedomen ein vil kjøpe.

Areal
BRA - i: 136 m²
BRA - e: 29 m²
BRA totalt: 165 m²
TBA: 37 m²

Bruksareal fordelt på etasje

Underetasje
BRA-i: 65 m² Vindfang, gang, stue/kjøkken, soverom, bad/vaskerom, to boder
BRA-e: 29 m² Garasje, utebod
1. etasje
BRA-i: 71 m² Stue, kjøkken, soverom, bad, toalettrom, gang

TBA fordelt på etasje

1. etasje
37 m² Terrassane

Areala er gjeve av bygningskyndig på grunnlag av NS3940(2023). Internt bruksareal (BRA-i) er areal innanfor dei omsluttande veggane i bustaden. Det er til dømes stove, soverom, kjøkken, entré, bad, loftsrom, innvendig bod og gangar mellom desse. Dersom bustaden består av ei brukseining med fleire sjølvstendige bueiningar, skal dei sjølvstendige bueiningane kategoriserast som BRA-i. Eit døme på dette kan vere ein einebustad med adskilt utleigeeining. Eksternt bruksareal (BRA-e) er til dømes ei ekstern bod, kjellarstove med eigen inngang, gjesterom, tilleggsbygg eller andre rom som tilhøyrer bueininga, men som ikkje er direkte knytt til det interne arealet. Tilleggsbygg kan vere til dømes garasje, naust eller utvendig bod. Innglassa balkong (BRA-b) er innglassa balkongar, veranda og altanar som disponerast av bueininga. Terrasse- og balkongareal (TBA) er arealet av terrassar, altanar, verandar og opne balkongar som er knytt til bueininga. Bustaden sitt golvareal (GUA) er det samla golvarealet i bustaden og areal med låg takhøgde ALH er areal utan krav til minste himlingshøgde.

Takstmann sine kommentarar til arealoppmåling
Areala er oppmålte innvendig med lasermålar. Etasjehøgder ca 2,4 m. TBA er for terrassane langs aust- og sørfasaden.

Antal soverom
2

Sjå elles informasjon under feltet "Innhald". Antal soverom er gjeve etter Forbrukartilsynet sine retningslinjer, og inkluderer kun soverom som er godkjent til varig opphald. Antal soverom som er oppgjeve av bygningskyndig i tilstandsrapporten er gjeve etter retningslinjene til takstbransjen, der det er den faktiske bruken av rommet på marknadsføringstidspunktet som er avgjerande. Bruken av rommet kan likevel vere i strid med byggtekniske forskrifter og/eller manglande godkjenning, bruksendringar til rom for varig opphald m.m. I dei tilfella det er opplysningar frå seljar og/eller kommunen om at rom ikkje er godkjent til varig opphald, vil årsaken til dette kome fram i salsoppgåva.

Antal bad
2

Moderniseringar og påkostingar
Følgjande moderniseringer er utførte dei seinare åra:

2018:
- Skifta rekkverk på begge terrassane, utført av Dag Vidar Øksland
- Oppgradert tak over inngangspartiet i underetasjen, utført av Dag Vidar Øksland
- Nye trapper opp til terrassene utført av Dag Vidar Øksland

2016:
- Skifta vindauge på sør- og vestveggen i første etasje i samband med støyisolering, utført av Statens vegvesen
- Skifta terrassedør i stova

2012:
- Støypt nytt betongdekke over uteboda, utført av Tore Aarbergsbotten

Ukjent årstall:
- Delar av utvendig kledning er skifta over tid

2026:
- Først mellombels tetting av ventilasjonspipa, utført av ODBygg. Ny hette og plate er no montert av samme firma (August 2026).

2025:
- Utvendig murpuss på pipa på grunn av sprekker
2024:
- Endra fall på rør i taket i gangen i underetasjen etter frostsprenging, utført av Gaular rør

2022:
- Utbetra himling i gangen i underetasjen etter lekkasje frå oppvaskmaskin

2018:
- Montert separat kurs til komfyr i underetasjen

Takst og tilstand

Bygningskyndig
Førde Takstkontor AS
bjarte@fordetakstkontor.no
930 95 083

Type takst
Tilstandsrapport. Rapporten er datert 04.05.2026

Byggemåte
Informasjonen er henta frå vedlagte tilstandsrapport, datert 04.05.2026.

Bygning:
Våningshuset vart påbegynt i 1980 og tatt i bruk i 1983. Ytterveggane er av bindingsverk med utvendig kledning av ståande trepanel, og med liggande trepanel i gavlveggane. Delar av kledningen har vore skifta. Grunnmuren er av lettklinkerblokk med pussa overflater utvendig og isolert utforing med kledning av plater innvendig. Etasjeskiljet er av tredekke, og golvet i underetasjen er av betong. Rom under terreng har golv av betong og yttervegg av lettklinkermur med innvendig isolert utforing med isolasjon, plastfolie og plater. Det er ikkje kjennskap til byggjegrunnen.

Tak:
Takkonstruksjonen har saltakform og ventilert kaldloft, oppbygd av plassbygde w-takstolar med undertak av rupanel med papp. Taktekkinga er av betongtakstein. Takrenner og nedløpsrøyr er av plast frå byggjeåret, med luftehetter av lakkert metall og vindskier av måla treverk.

Pipe/Eldstad:
Det er vedomn i stova i underetasjen og i stova i 1. etasje. Pipa er av lettklinkerblokk med pussa overflater og har sotluke i underetasjen. Utvendig pipeløp har pussa overflater og plattlodd i overgangen til taktekkinga.

Vindauge:
Bustaden har vindauge med måla trekarmar med 2- og 3-lags glas frå byggjeåret. Vindauga på sørveggen i 1. etasje har måla trekarmar med 2-lags støyreduserande glas frå 2016.

Dører:
Ytterdør i hovudinngangen har finerte overflater og 2-lags glas, medan ytterdøra i 1. etasje har finerte overflater og sidefelt med 2-lags glas. Ytterdøra til uteboda er av plassbygd enkel standard med måla overflater. Garasjen har vippeport i treverk med måla overflater. Terrassedøra i stova er frå 2016, i treverk med måla overflater og 2-lags glas.

Trapper/tilkomst:
Innvendig er det ei trapp med trekvite lakka overflater og handtre langs ei side av trappeløpet. Utvendig er det tretrapper mellom terreng og terrassane.

Balkong/terrasse:
Langs aust- og sørfasaden og vest- og nordfasaden er det terrassar med eit samla areal på 37

m². Det er betongterrasse over uteboda mot sør og over garasjen. Terrasserekkverka er av impregnert treverk med måla overflater.

VVS-installasjonar:
Vassleidningane er av koparrøyr frå byggjeåret, medan avløpsrøyra er av plast. Vassinntaket er ein plastslange med kuleventil, tilgjengeleg via luke i garasjegolvet, der det òg er eit stakepunkt. Varmtvasstanken er frå 1993, og varmekolben har vore skifta.

Ventilasjon:
Ventilasjonen er basert på naturleg ventilering, som var normalt for byggjeåret. Badet i 1. etasje har naturleg ventilering via takventil og luftespalter, medan bad/vaskerom i underetasjen har avtrekk via elektrisk ventilvifte. Kjøkkena i begge etasjar har ventilatorar, der den i 1. etasje har utkast over tak.

Garasje: Golv av betong med treluke for tilkomst til inntak for vatn og avløp. Veggar av lettklinkerblokk med pussa overflater. Dekke av betong med underliggande kondensisolering.

Utebod: Golv av betong. Veggar av betongsteinsmur. Dekke av betong med underliggande kondensisolering.

Det elektriske anlegget er frå byggjeåret med delvis skjult installasjon og sikringsskap med skrusikringar. Det er registrert svimerke i sikringsskapet og det har vore branntilløp i trafo for ringeklokke etter lynnedslag.

Alle bygningsdelar og installasjonar har avgrensa levetid. Konstruksjonane er bygd etter lov og forskrift som tek utgangspunkt i byggeåret og vil normalt ikkje tilfredsstille krava i dag. Med omsyn til den tekniske standarden på bygningane vert det vist til vedlagde tilstandsrapport fra takstmann Bjarte Roska datert 04.05.2026, der enkelte bygningselementer har oppnådd tilstandsgrad 3 (TG3), tilstandsgrad 2 (TG2) og helse, miljø og sikkerhet (HMS). Interessentar vert oppmoda til å sette seg grundig inn i desse punkta samt eigenerklæringa som ligg ved salsoppgåva før det vert lagt inn bod på eigedomen. Meklar gjer elles merksam på kjøpar si undersøkingsplikt med heimel i avhendingslova.

Nedanfor finn ein ei kort oppsummering av det den bygningssakyndige har beskrive av avvik ved bustaden som har fått tilstandsgrad 2 (TG 2) eller 3 (TG 3) OG TG IU (Ikkje undersøkt).

TG3 med store eller alvorlege avvik:

- Etasjeskille og gulv mot grunn | Ved nivellering av golv og etasjeskilje er det registrert høgdeskilnader. TG er sett med omsyn til registrert høgdeskilnad i golvet i stove/kjøkken og soverommet i underetasjen. Andre rom varierer mellom standarden sine toleransekrav til TG 1 og TG 2. Underetasje. 30 mm i stove/kjøkken i underetasjen. 20 mm i soverommet i underetasjen målt gjennom heile rommet, og 10 mm innafor ei målelengde på 0,5 m framfor garderobeskapet. Andre rom har under 15 mm og ligg innafor toleransekrava til TG1. 1. etasje 22 mm i stova. Andre rom har under 15 mm og ligg innafor toleransekrava til TG1. Konsekvens/tiltak: I rom med store høgdeskilnader og lokale svanker vil avvika kunne vere av bruksmessig betydning. Med omsyn til kostnad bør ei eventuell retting gjennomførast ved ei generell modernisering.
Kostnadsestimatet er for golva i stove/kjøkken og soverommet i underetasjen. I andre rom vil høgdeskilnadane vere av mindre bruksmessig betydning.
Kostnadsestimat: 20 000 - 100 000

- Pipe og ildsted | TG 3 er sett med omsyn til at feieluka ikkje har forskriftsmessig avstand på minimum 30 cm til brennbart materiale. Kalkutslag i pipa i soverommet i underetasjen etter fukttransport i pipevangane. Etter fukttransport i pipevangane kan det ikkje utelukka fuktskade i tilliggande treverk. Under synfaringa vart det opplyst at utvendig pipepuss er oppgradert i seinare tid på grunn av tidlegare lekkasje. Riss i brannmuren ved omnen i underetasjen.
Konsekvens/tiltak: Blende treverk som har avstand til sotluka under 30 cm. Fjerne kalkutslag og overflatebehandle pipa. Flikke riss i brannmuren.
Kostnadsestimat: Under 20 000

- 1. Etasje Bad - Generell | Overflater og tettesjikt er frå byggjeåret og har passert normal levetid. Våtromstapeten stettar ikkje dagens krav til tettesjikt. Vindauge står innafor dusjen si definerte våtsone og er ikkje av fuktbestandig materiale. Ventileringa er ikkje tilfredsstillande for våtrom. Synleg fuktmerke i himlingsplatene rundt takventilen, antatt etter avrenning av kondens. Konsekvens/tiltak: Registrerte avvik og badet sin alder tilseier at renovering må påreknast i nær framtid.
Kostnadsestimat: 200 000 - 500 000

- Underetasje Bad og vaskerom - Generell | Tettesjiktet er utett rundt avløpet frå toalettet. Tettesjikt av våtromstapet tilfredsstiller ikkje dagens krav. Overflatene er elles av eldre slitt standard og har passert normal levetid. Konsekvens/tiltak: Behov for renovering må påreknast. Kostnadsestimat: 200 000 - 500 000

TG2 med avvik som kan krevje tiltak:

- Taktekking: Taktekkinga har passert over halvparten av normal levetid.

- Nedløp og beslag: Roteskade i vindskia mot søraust og det er ikkje montert stigetrinn for tilkomst til pipa.

- Veggkonstruksjon: Det er ikkje montert gnagarnetting i underkant av kledningen.

- Takkonstruksjon og loft: Registrert ekskrement etter mus/røysekatt og manglande luftespalte mellom isolasjon og undertak.

- Vinduer: Vindauge frå byggjeåret er slitt og har oppnådd normal levetid. Manglande dryppkant medfører fare for roteskade.

- Dører: Ytterdører og garasjeport er naturleg slitt, og for dører med 2-lags glas er tilnærma normal levetid oppnådd.

- Balkonger, terrasser og rom under balkonger: Flekkvis malingsslitasje på rekkverk og slitt overflatebehandling på terrassedekka.

- Utvendige trapper: Utvendige tretrapper har slitt overflatebehandling.

- Innvendig - Overflater: Skade i himling etter eldre vasslekkasje, demonterte himlingsplater og manglande kledning i bod.

- Innvendig - Rom Under Terreng: Målt fuktkvote på 18 vektprosent i innvendig utforing, som ligg i risikosona for muggsopp.

- Innvendige dører: Sprekker i glaset i stovedøra i underetasjen.

- Vannledninger: Koparrøyra har hatt fleire lekkasjar og gjenverande brukstid er usikker.

- Avløpsrør: Over halvparten av normal levetid er passert.

- Varmtvannstank: Varmtvasstanken har passert normal levetid.

- Fuktsikring og drenering: Dreneringa har passert over halvparten av normal levetid, og det manglar topplist på grunnmursplasten.

- Grunnmur og fundamenter: Grunnmuren har svinn- og fugeriss i overflatene.

- Utvendige vann- og avløpsledninger: Leidningsnettet er frå byggjeåret og har passert over halvparten av normal levetid.

- Septiktank: Ingen dokumentasjon for teknisk tilstand, og behov for oppgradering må kunne påreknast grunna alder.

- 1. Etasje Kjøkken - Avtrekk: TG er basert på alder og at gjenverande brukstid kan vere usikker.

- 1. Etasje Toalettrom - Overflater og konstruksjon: Toalettrommet manglar mekanisk avtrekk.

- Underetasje Stue/kjøkken - Overflater og innredning: Manglande benkeplate ved komfyr og manglande fuging rundt røyrgjennomføringar.

- Underetasje Stue/kjøkken - Avtrekk: TG er basert på alder og at gjenverande brukstid kan vere usikker.

- Underetasje Bad og vaskerom - Tilliggende konstruksjoner: Fuktkvote på 20,2 vektprosent og merkbar mugglukt frå borehol.

Helse, miljø og sikkerhet:

Bygningen er ikkje oppført med radonsperre og det er ikkje utført radonmåling. Det er ikkje montert handtre på veggen på begge sider av innvendig trapp. Terrasserekkverka tilfredsstiller ikkje dagens krav til minimum 1 m høgde og maks 20 mm opning mellom liggande rekkverkskledning for å hindre klatring. Bygningen har to bueiningar, men er ikkje registrert som tomannsbustad og det er ikkje brann- og lydskiljekonstruksjon mellom bueiningane.

Oppsummeringa over er ikkje uttømmande, og du vert oppmoda til å lese og setje deg grundig inn i alt salsmateriell. For ordens skuld nemner vi at TGIU står for «tilstandsgrad ikkje undersøkt», til dømes fordi ein del av bygget ikkje har vore tilgjengeleg for inspeksjon. Desse delane kan dermed ha feil eller manglar som ikkje er avdekte.

Innbu og lausøyre
Eigedomen vil i hovudsak selgast slik den framstår ved visning, og vil ikkje bli ytterlegare rydda eller reingjort.
Selgar vil hente ut nokre personlege eigedelar, eit kråskap og to dobbeltsenger før overlevering.

Samandrag av seljar si eigenerklæring
Seljar har i samband med salet fylt ut egenerklæringsskjema som vedlagt salsoppgåva. I skjemaet kjem følgjande informasjon fram:

Veit du om det er, eller har vore, feil eller skadar på bad/våtrom?
Ja.
Bad frå byggjeår. Ber preg av det.
Er det gjort tiltak, eller er feilen/skaden utbetra?
Nei, ikkje som eg kjenner til.

Veit du om det er, eller har vore, vasslekkasje eller andre typar feil eller skadar på tak, yttervegg, vindauge, dører, garasje, tilleggsbygningar eller liknande?
Ja.
Frostsprenging av røyr i himlingen i inngangspartiet i underetasjen.
Lekkasje frå oppvaskmaskin ned i himling i gang i underetasjen.
Lekkasje frå ventilasjonspipa. Noko fukt på mørkeloftet.
Er det gjort tiltak, eller er feilen/skaden utbetra?
Ja.
Faglært arbeid:
1. Kva år blei jobben fullført?: 2024
Firmanamn: Gaular rør
Skildring av arbeidet: Endra fall på røyr i taket i gangen i underetasjen i 2024 etter frostsprenging.

2. Kva år blei jobben fullført?: 2026
Firmanamn: ODBygg
Skildring av arbeidet: Først mellombels tetting. No er ny hette og plate montert av same firma.
Ufaglært arbeid:
Kva år blei jobben fullført?: 2022
Skildring av arbeidet: Lekkasje i himling etter lekkasje frå oppvaskmaskin er utbetra sjølv.

Veit du om det er utført arbeid på tak, yttervegg, vindauge, dører eller annan fasade, enten av deg eller tidlegare eigarar?
Ja.
Faglært arbeid:
1. Kva år blei jobben fullført?: 2012
Firmanamn: Tore Aarbergsbotten
Skildring av arbeidet: Støypt nytt dekke av betong på veranda over vedbod.

2. Kva år blei jobben fullført?: 2018
Firmanamn: Dag Vidar Øksland
Skildring av arbeidet: Nye rekkverk på begge verandaene og nytt tak i vindfang i underetasjen.
Ufaglært arbeid:
Kva år blei jobben fullført?: 2025
Skildring av arbeidet: Var sprekker i pipa. Blei utbetra i 2025.

Veit du om det er, eller har vore, skadedyr eller sjenerande insekt på eigedommen eller i bustaden?
Ja.
Spissmus og røyskatt.
Er det gjort tiltak, eller er feilen/skaden utbetra?
Nei, ikkje som eg kjenner til.

Veit du om eigedommen har privat vassforsyning, vannbrønn, septiktank, pumpekum, avløpskvern eller liknande?
Ja.
Har du opplevd at dette har vore ustabilt?
Nei, ikkje som eg kjenner til.

Veit du om det er, eller har vore, feil eller skadar knytt til eldstad eller pipe?
Ja.
Sprekk i pipa som blei utbetra i 2025.
Er det gjort tiltak, eller er feilen/skaden utbetra?
Ja.
Ufaglært arbeid:
Kva år blei jobben fullført?: 2025
Skildring av arbeidet: Utvendig murpuss på pipa

Veit du om det er gjort arbeid på det elektriske anlegget, enten av deg eller tidlegare eigarar?
Ja.
Faglært arbeid:
Kva år blei jobben fullført?: 2018
Firmanamn: Jan Fredrik Langfjord (mannen til eigar)
Skildring av arbeidet: Separat kurs til komfyr i underetasjen. Mannen til eigar har lov til å gjere elektrisk arbeid i eigen bustad og fritidsbustad

Veit du om det har vore flom, ras, skred eller liknande på eigedommen, eller om han ligg i eit fareområde?
Ja.
Har gått skred på austsida av Drægebøvatnet (dvs. ikkje nær huset). Utbetra og sikra av Statens vegvesen.
Har gått skred på naboeigedommen etter at granskogen blei teken ut.

Veit du om noko i nabolaget som kan vere plagsamt eller ubehageleg for kjøparen?
Ja.
Ikkje utover nærleiken til E39. Stove og soverom i første etasje er etterisolert og har fått støydempande vindauge og ventilar utført på oppdrag frå Statens vegvesen i samband med utbetring av vegen.

Har bustaden garasje eller andre tilleggsbygningar?
Ja.
Veit du om det er feil eller skadar ved garasje eller andre tilleggsbygningar?
Nei, ikkje som eg kjenner til.

Veit du om det er, eller har vore, feil på tilbehøyr som følgjer med eigedommen?
Ja.
Oppvaskmaskina er defekt.
Er det gjort tiltak, eller er feilen/skaden utbetra?
Nei, ikkje som eg kjenner til.

Har du andre opplysningar om bustaden eller eigedommen, utover det du har svara?
Ja.
Øvre Drægebø har vegrett over eigedommen.
Privat vassforsyning. Kjelda er hos naboen og er kjelde for alle tre bruka. Kjenner ikkje til om det er gjort nokon skriftlege avtalar om dette.
Septiktank i tunet.

Tomteforhold

Tomtetype
Eigd

Tomteareal
Tomtestorleik ca. 281 185m²

Beskriving av tomta
Eigd tomt på ca. 281 daa. Arealet er fordelt på tre teigar. Tomta er ei stor naturtomt med grasmark, buskar og tre, og ligg i eit landleg og skråande terreng. Det er gruslagd gardsplass ved bustaden.

Tomtegrensa går ut i vegbana. Dette arealet kan ikkje reknast med ved berekning av utnyttingsgrad og bebygd areal.

I tillegg har eigedomen ein uavklart eigardel i eit jordsameige på ca. 5 962 dekar.

Parkering
Det er integrert garasje i forbindelse med bustaden. Elles plass til fleire bilar på tunet.

Buplikt
Ja, kjøpar må pårekne at det blir stilt krav om 5 års buplikt for ny eigar.

Driveplikt
Ja

Konsesjon
Ja

Informasjon om Konsesjon
Eigedomen er konsesjonspliktig og kjøpar må pårekne buplikt ved kjøp. Det er driveplikt på all dyrka jord.

Vedrørande konsesjon gjeld følgande ved dette salet:

Seljar har risikoen for at det er avtalt for høg kjøpesum etter konsesjonslov § 9a. Kvar av partane kan i så fall fri seg frå avtalen ved skriftleg melding til meklar. Partane kan ikkje fremje krav mot kvarandre som følgje av slik oppseiing av avtalen.

Kjøpar har risikoen for at konsesjon vert nekta med grunnlag i konsesjonslov sine andre bestemmingar, med dette § 9 første ledd nr. 1-4 eller § 9 andre til fjerde ledd.

Dersom den situasjonen skulle oppstå at kjøpar ikkje får konsesjon grunna i dei forholda som er vist til i konsesjonslova sine andre bestemmelsar med dette § 9 første ledd nr. 1-4 eller § 9 andre til fjerde ledd, skal oppgjeret til seljar ligge føre som avtalt i § 1 i kontrakten, men då 2 månader frå endeleg vedtak om avslag.

Naudsynt sikkerheit for kjøpesummen må i eit slikt tilfelle opprettast som tredjemannspant i eigedomen, og seljar pliktar å underteikne på pantedokument for tredjemannspant, dersom partane ikkje innan 2 veker frå endeleg avslag på konsesjonen vert enige om anna sikkerheit.

Konsejonslova § 9 og § 9a har slik ordlyd:
§ 9.(særlige forhold for landbrukseiendommer)
Ved avgjørelsen av søknad om konsesjon for erverv av eiendom som skal nyttes til landbruksformål skal det legges særlig vekt på:
1. om erververs formål vil ivareta hensynet til bosettingen i området,
2. om ervervet innebærer en driftsmessig god løsning,
3. om erververen anses skikket til å drive eiendommen,
4. om ervervet ivaretar hensynet til helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskapet.
Konsesjon skal i alminnelighet ikke gis dersom det ved ervervet oppstår sameie i eiendommen, eller antallet sameiere økes.
Det kan gis konsesjon til selskaper med begrenset ansvar. Det skal legges vekt på hensynet til dem som har yrket sitt i landbruket.
Første ledd nr. 3 og § 9 a gjelder ikke sak der nær slekt eller odelsberettiget søker konsesjon fordi de ikke skal oppfylle boplikten etter § 5 andre ledd. I slik sak skal det i tillegg til første ledd nr. 1, 2 og 4 blant annet legges vekt på eiendommens størrelse, avkastningsevne og husforhold. Søkerens tilknytning til eiendommen og søkerens livssituasjon kan tillegges vekt som et korrigerende moment.

§ 9 a - (priskontroll ved erverv av landbrukseiendom).
Ved avgjørelse av en søknad om konsesjon på erverv av bebygd eiendom med mer enn 35 dekar fulldyrka og overflatedyrka jord som skal nyttes til landbruksformål, skal det i tillegg til momentene som er nevnt i § 9, legges særlig vekt på om den avtalte prisen tilgodeser en samfunnsmessig forsvarlig prisutvikling. En slik vurdering av prisen skal også gjennomføres ved erverv av ubebygd eiendom som skal nyttes til landbruksformål, med mindre eiendommen er en ren skogeiendom.
Departementet kan gi forskrift om at prisvurderingen etter første ledd skal unnlates ved erverv av bebygd eiendom med et brukbart bolighus, dersom den avtalte prisen ikke overstiger en fastsatt beløpsgrense.

Konsesjon skal i alminnelighet ikke gis dersom det ved ervervet oppstår sameie i eiendommen, eller antallet sameiere økes. Det kan gis konsesjon til selskaper med begrenset ansvar. Det skal legges vekt på hensynet til dem som har yrket sitt i landbruket.
Kjøperen bærer alle kostnader knyttet til konsesjonssøknaden.

Overtakelse og oppgjør kan ikke finne sted før konsesjon er innvilget.

Odel
Det er ikkje odelsrett på eigedomen.

Eigedomen

Eigarform
Eigd

Ferdigattest/bruksløyve
Det ligg verken mellombels bruksløyve eller ferdigattest føre for eigedomen, ifølgje kommunen. Normalt krevst det ferdigattest for alle søknadspliktige tiltak etter plan- og bygningslova. Etter pbl. § 21-10 femte ledd blir det likevel ikkje lenger utferda ferdigattest for tiltak det er søkt om før 01.01.1998.
Manglande mellombels bruksløyve inneber likevel at byggjesaka ikkje er korrekt avslutta, og kommunen kan påleggje eigar å gjennomføre tiltak som gjer at mellombels bruksløyve kan utferdast. Ulovleg oppførte tiltak kan kommunen framleis forfølgje og krevje omsøkte etter dagens regelverk. Dette kan mellom anna medføre krav om tilpassing til gjeldande tekniske krav. Kjøpar overtek ansvar, risiko og eventuelle konsekvensar knytte til dei nemnde forholda.

Ved samanlikning av godkjende teikningar for hovudbygningen (datert 1980/1981) og dagens bruk, er det registrert nokre avvik. Bygningen er på teikningane vist som éin bueining, men er ifølgje tilstandsrapporten i dag innreidd disponibelt rom i kjellar til stove og kjøkken. Slik endring med etablering av ekstra bueining/ombygging er normalt eit søknadspliktig tiltak. Vidare skildrar tilstandsrapporten at det er oppført ein utebod på eigedomen, der sørveggen har ein overliggjande betongterrasse bygd i 2012. Det føreligg ikkje dokumentasjon i kommunens arkiv på at uteboden og den nye terrassen er byggjemeldt. Oppføring av slike konstruksjonar kan vere søknadspliktig.

Frå kommunen kan det kome reaksjonar overfor ny eigar, ved til dømes krav om tilbakeføring eller krav om omsøking, ilegging av overtredingsgebyr og pålegg mv. Uavhengig av reaksjonsform frå kommunen, overtek kjøpar ansvar, risiko og eventuelle konsekvensar knytte til dette.

Veg, vatn, avlaup
Eigedomen har tilkomst via offentleg veg. Frå offentleg veg er det privat gruslagt veg fram til tunet.
Grusvegen delast med nabobruka som ligg lenger oppe, og dei har rett til veg over eigedomen.

Vatn og avløpsnett er privat. Utgifter for drift og vedlikehald av dette må dekkjast av dei som er tilknytte nettet. Selgar opplyser at eigedomen er påkobla brønn som ligg på nabobruket, denne er felles med dei.
Selgar har ikkje testa kvaliteten på vatnet og kapasitet er ukjent då eigedomen kun har vore nytta i kortare perioder.
Det foreligg ingen skriftleg avtale på at ein har rett til brønn (hente vatn) på nabobruket.

Eigedomen er tilknytt eigen septiktank. Det er kommunal tømmeavtale. Ifølgje Sunnfjord Miljøverk blir tanken tømd kvart fjerde år.

Reguleringsplan
Eigedomen er omfatta av reguleringsplan Høyanger gr-Grytås (plan-ID 143020110003), vedteken 22.06.2011. Av eigedomen er 15 002 m² regulert til landbruksformål (felt LNFRL), 943 m² til annan veggrunn - grøntareal (felt AVG) og 448 m² til veg (felt PV).

Eigedomen omfattast òg av Kommuneplanen sin arealdel 2024-2035 (plan-ID 2021001), vedteken 20.06.2024. Arealbruken er i planen avsett til landbruk-, natur- og friluftsformål samt reindrift (LNFR) og naturområde.

Eigedomen ligg i eit LNFR-område (landbruks-, natur- og friluftsområde samt reindrift), jf. plan- og bygningslova § 11-7. LNFR-føremålet omfattar
a) areal for nødvendige tiltak for landbruk og gardsrelatert næringsverksemd, og
b) areal for spreidd bustad-, fritids- eller næringsbebyggelse.
Som hovudregel kan området ikkje utviklast med tanke på bustadbygging eller annan

bebygging, ettersom det skal takast omsyn til mellom anna allemannsretten, naturvern, landbruksinteresser og friluftsliv. I LNFR-område kan det vere bygge- og deleforbod, og det er normalt lite sannsynleg at ein får godkjent bruksendring av eksisterande bygningar eller oppføring av nye bygningar i strid med hovudregelen.
I arealdelen av kommuneplanen kan det gå fram korleis LNFR-kategorien påverkar eigedomen. Reguleringa gjeld kommande tiltak; eksisterande bustader og fritidsbustader kan nyttast i tråd med tidlegare gjevne kommunale løyve, men LNFR-statusen kan få konsekvensar ved eventuell gjenreising, til dømes etter brann.
Oppføring av nye bustader i LNFR-område kan berre skje etter dispensasjon, eller dersom det er heimla i gjeldande reguleringsplan. Kontakt meklar for nærare informasjon.

Eigedomen er registrert i SEFRAK-registeret. Dette kan få betydning ved eventuell søknad om riving, flytting eller endring av bygningen. SEFRAK (SEkretariatet For Registrering Av faste Kulturminne i Noreg) er eit register over eldre bygningar og andre kulturminne. Alle bygningar oppførte før 1900 er registrerte (med unntak av Finnmark), og bygningane er kartfesta, oppmålt og fotograferte.
Bygningar som er SEFRAK-registrerte er ikkje underlagde særlege restriksjonar, men registreringa fungerer som ei åtvaring om at det bør gjerast ei lokal vurdering av verneverdien før kommunen eventuelt gir løyve til å rive, flytte eller endre bygningen. For bygningar eldre enn 1850 er det lovpålagt at slik vurdering skal gjennomførast før ei byggje- eller rivingssøknad kan godkjennast.
SEFRAK er i hovudsak eit kulturhistorisk register med verdi som kjeldemateriale for lokalhistorie, men registeret vert òg brukt av forvaltninga som eit grunnlag for å identifisere verneverdige bygningar.
For denne eigedomen gjeld registreringa fleire bygningar, mellom anna ei stølsbu med fjøs som er meldepliktig, og ruinar etter eldre bygningar.
Ta kontakt med kommunen dersom du ønskjer nærare informasjon om dette.

Eigedomen vert råka av følgjande omsynssoner:
- Omsynssone H370: Faresone høgspentanlegg
 Det skal søkjast særskilt om tiltak innanfor bandleggingssona for høgspentlinjene.
- Omsynssone H310: Ras- og skredfare (Aktsemdsområde for skred S2 og S3)
 På kart frå kommunen ligg heile/delar av eigedomen i eit område som er markert som faresone for ras og skred, til dømes steinsprang, steinskred, lausmasseskred, fjellskred eller snøskred. I slike område kan det gjelde forbod, bruksmessige avgrensingar og/eller krav om sikringstiltak, mellom anna i samband med byggetiltak, terrenginngrep eller andre arbeid i eller nær faresona. For desse sonene skal geotekniske undersøkingar utførast av fagkunnige før søknad om tiltak. Fagkunnig utgreiing må slutte seg til at tiltaket kan gjennomførast, og eventuelle avbøtande tiltak skal vere bygde og gjennomførte før bruksløyve. For nærare informasjon om grunnforholda og aktuelt risikobilete for denne eigedomen, vert det rådd til å ta kontakt med kommunen eller Norges geotekniske institutt (NGI) — sjå www.ngi.no.
- Omsynssone H210/H220: Støysone (Raud og Gul sone)
 På kart frå kommunen ligg delar av eigedomen i område markert som RAUD SONE og GUL SONE for støy (T-1442). I raud sone skal det ikkje etablerast nye bustader. I gul sone skal alle tiltak planleggast slik at støyforholda innandørs og utandørs vert tilfredsstillande. Kjøpar vert rådd til å ta kontakt med kommunen for nærare informasjon om kva støysonemerkinga inneber for denne eigedomen.
- Omsynssone H560: Bevaring av naturmiljø (Anadrom elvestrekning)
 Tiltak og inngrep i sona skal vurderast i samsvar med naturmangfaldlova § 7. Det er krav om utgreiing knytt til naturmiljø før det kan gjennomførast tiltak.
- Omsynssone H320: Flaumfare
 På karta til kommunen ligg heile/delar av eigedomen i eit område som er markert som faresone for flaum. I slike område kan det gjelde forbod, bruksmessige avgrensingar og/eller krav om sikringstiltak, mellom anna ved byggetiltak, terrenginngrep eller andre arbeid i eller nær faresona. Flaumvurderingar skal utførast av fagkunnige før søknad om tiltak, og fagkunnig utgreiing må slutte seg til at tiltaket kan gjennomførast. Kjøpar vert rådd til å ta kontakt med kommunen eller NVE for nærare informasjon om grunnforholda og kva konsekvensar faresonemerkinga kan ha for denne eigedomen.
- Omsynssone H550: Omsyn landskap

Sona gjeld landskapsomsyn tilknytt vassdraget.
- Omsynssone for bevaring av kulturmiljø
Reguleringsplanen sikrar steinbruene ved sørenden av Dregebøvatnet som viktige kulturminne gjennom denne omsynssona.

Kopi av situasjonskart, eigedomsrapport, reguleringsplanar med tilhøyrande føresegner m.m. ligg vedlagt i salsoppgåva eller kan fåast ved å vende seg til meklar. Interessentar vert oppmoda om å setje seg inn i desse dokumenta.

Radonmåling
Det er ikkje utført radonmåling og det er heller ikkje krav til dette, for meir informasjon vedrørande radon sjå www.dsa.no. Kjøpar overtek frå overtakingsdagen ansvaret for eventuelle utbetringstiltak som seinare må igangsetjast og betalast.

Bygningen er ikkje oppført med radonsperre.

Hefte
På eigedomen er det tinglyst følgjande hefte og rettar som følgjer eigedomens matrikkel ved overskøyting til ny heimelshavar:

152/3:

22.05.1939 - Dokumentnr: 652 - Utskifting
Gjeld denne registereininga med fleire

Jordskiftesaker omhandlar fast eigedom og rettar knytte til fast eigedom. Jordskiftesaker blir behandla i jordskifteretten, som er ein særdomstol for slike saker. Jordskiftedommaren er bistått av ein ingeniør som har ansvar for landmåling, kartarbeid og anna teknisk arbeid. Jordskiftelova av 21. juni 2013 nr. 100 set rammene for jordskifteretten si verksemd.
Dokumenta vedrørande jordskifte ligg hos meklar.

16.02.1940 - Dokumentnr: 178 - Utskifting
overutskifting
Gjeld denne registereininga med fleire

Jordskiftesaker omhandlar fast eigedom og rettar knytte til fast eigedom. Jordskiftesaker blir behandla i jordskifteretten, som er ein særdomstol for slike saker. Jordskiftedommaren er bistått av ein ingeniør som har ansvar for landmåling, kartarbeid og anna teknisk arbeid. Jordskiftelova av 21. juni 2013 nr. 100 set rammene for jordskifteretten si verksemd.
Dokumenta vedrørande jordskifte ligg hos meklar.

17.12.1947 - Dokumentnr: 1651 - Bestemmelse om veg

24.02.1955 - Dokumentnr: 266 - Jordskifte
Gjeld denne registereininga med fleire
Dokumentet gjeld utskrift av rettsboka for Indre Sunnfjord jordskiftesokn angåande jordskifte av utmarka til gnr. 53, Øksland i Gaular herad. Retten har fastsett detaljerte grenselinjer innad i jordskiftefeltet og fordelt teigar for dei ulike bruksnumra (bnr. 1, 2 og 3). Det er fastsett diverse bruksrettar, mellom anna felles sand- og grustak, opplagsplass for bnr. 2 på Stokken, samt moldtak for gnr. 40, Mannebrekke. Vidare er det regulert plikter vedrørande felles vegar, gjerdeplikt langs yttergrenser samt mot riksvegen, og reglar for skogsdrift og uthogst.

Jordskiftesaker omhandlar fast eigedom og rettar knytte til fast eigedom. Jordskiftesaker blir behandla i jordskifteretten, som er ein særdomstol for slike saker. Jordskiftedommaren er bistått av ein ingeniør som har ansvar for landmåling, kartarbeid og anna teknisk arbeid. Jordskiftelova av 21. juni 2013 nr. 100 set rammene for jordskifteretten si verksemd.
Dokumenta vedrørande jordskifte ligg hos meklar.

06.10.1966 - Dokumentnr: 2299 - Erklæring/avtale

Semje endring skjøn
Gjeld denne registereininga med fleire
Det er inngått ei semje mellom A/S Norsk Aluminium Company (NACO) og grunneigarar i Gaular kommune som endrar Ytre Sogn Heradsretts underskjønn av 29.04.1965. Avtalen regulerer endringar i erstatningssummar for mellom anna fiskerettar, grunn, fallrettar, jakt og oppføring av mellombelse installasjonar (brakke og fiskehytte) på dei rørte eigedomane (mellom anna gnr. 54 og gnr. 55). NACO ber alle kostnader i samband med overskjønnet og semja.

17.03.2009 - Dokumentnr: 192050 - Jordskifte
1400-2005-0032 ÅRBERG M.FL
Gjeld denne registereininga med fleire
Rettsbok frå Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett i sak 1400-2005-0032 Årberg m.fl. Saken fastset endelege eigedomsgrenser i fjell- og stølsmark i Gaular kommune, mellom anna mellom gnr. 56 Årberg og tilstøytande eigedomar som gnr. 57, gnr. 58, gnr. 59 og gnr. 60. Det er også gjort rettsutgreiing og klårlegging av eigedomsforhold og grenser for området Utigardsheia, der eigarar av gnr. 53 Øksland bnr. 1, 2 og 3 er fastslått som grunneigarar, medan eigarar av gnr. 56 bnr. 5 og 6 har stølsrett.

Jordskiftesaker omhandlar fast eigedom og rettar knytte til fast eigedom. Jordskiftesaker blir behandla i jordskifteretten, som er ein særdomstol for slike saker. Jordskiftedommaren er bistått av ein ingeniør som har ansvar for landmåling, kartarbeid og anna teknisk arbeid. Jordskiftelova av 21. juni 2013 nr. 100 set rammene for jordskifteretten si verksemd.
Dokumenta vedrørande jordskifte ligg hos meklar.

06.06.2016 - Dokumentnr: 499626 - Forkjøpsrett
Rettighetshaver: nabo

Seljar ber risikoen for at kjøpar kan få tinglyst skøyte utan andre heftingar enn dei som det er avtalt at følgjer med i handelen.

Legalpant
Kommunen har legalpant for forfalte kommunale avgifter og ev. eigedomsskatt.

Eigar
Oddrun Ellinor Gunnes

Energi
Oppvarming
Elektrisitet og vedfyring. Det er montert vedomn i stova i 1. etasje og i stova i underetasjen. Vidare er det varmekablar i golv på badet i 1. etasje og på bad/vaskerom i underetasjen.

Dersom rom ikkje har vegg- eller fastmonterte varmekjelder ved vising, følgjer dette heller ikkje med.

Tilstandsrapporten beskriv den tekniske tilstanden til byggverket. Det ikkje utført kontroll av dei elektriske installasjonane (el-takst) sjølv om bygningssakkunnig kan ha knytt kommentarar til el-anlegget ut frå heilt enkle vurderingskriterium.

Sidan el-anlegget ikkje er kontrollert, er det ikkje usannsynleg at det seinare kan bli avdekt avvik frå dagens forskriftskrav og oppstå funksjonssvikt. Vidare må kjøpar vere førebudd på at det kan måtte gjerast oppgraderingar på grunn av slitasje, manglande vedlikehald, arbeid som er utført av ufaglærte, alder eller tekniske løysingar som ikkje held dagens standard.

I Noreg er det ei av oppgåvene til «Det lokale eltilsynet» (DLE) å utføre tilsyn med elektriske anlegg i bustader og fritidsbustader. Alle bustader skal ha periodisk kontroll kvart 20. år, og hytter/fritidsbustader blir kontrollerte kvart 30. år. El-anlegget er ein bygningsdel som er gjenstand for konstant utvikling. Ein må difor rekne med at dagens anlegg ikkje nødvendigvis er dimensjonert for oppgradering av kjøkken med nye elektriske apparat eller rehabilitering av bad

med varmekablar, samt installeringer for elbilladar.

Straumforbruk
Seljar har ikkje budd på eigedomen og kjenner ikkje til straumforbruk.

Det er ikkje bestilt Norgespris på straum for eigedomen.

Meklar gjer merksam på at desse utgiftene er knytt til dagens eigar og at desse vil kunne endre seg med omsyn til anna bruk av bustaden enn i dag eller andre avtalar med leverandørar.

Energimerking
Energifarge oransje og bokstav E.

Økonomi
Pris
Prisantydning	Kr 1 990 000,-
Kostnader	Kr 64 800,-
Total pris inkl. kostnader	Kr 2 054 800,-

Kostnader ved kjøp
1 990 000,00 (Prisantydning)

Omkostninger
13 700,00 (Boligkjøperforsikring - Help* (valgfritt))
49 750,00 (Dokumentavgift)
260,00 (Grunnboksutskrift)
545,00 (Tinglysing pantedokument)
545,00 (Tinglysing skøyte)
---
